



Utval: Samferdselsutvalet
Møtestad: Fylkesutvalssalen, 3.etg., Fylkeshuset
Dato: 03.06.2015
Tidspunkt: 11:00-14.30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Atle Kvåle	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Gustav Bahus	Leiar	FRP
Inger Signe Ulvund	Medlem	FRP
Einar Lutro	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Iiril Schau Johansen	Medlem	H
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Jostein Ljones	Medlem	FL SP/MDG
Tom Skauge	Medlem	FL SV/R

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne-Line Innvær	Medlem	A
Øyvind Hardeland	Medlem	A
Eli Årdal Berland	Medlem	H
Alf Helge Greaker	Medlem	V

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Dag Rune Mo	Anne Line Innvær	A
Sveinung Valle	Øyvind Hardeland	A
Wenche Tislevoll	Eli Årdal Berland	H
Tore Turøy	Alf Helge Greaker	V

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Olav Finne	SVV
Erling Hodneland	SVV

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 62/15	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 63/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 64/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 64/15	Sykkelbyen Stord - ein statusrapport	2015/3680	
RS 65/15	Nye busskontraktar for rutepakkane Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal - orientering om kontraktane og gjennomføring av konkurranse	2015/428	
RS 66/15	Orientering om stans i utvikling av nettbutikkkløysing for kollektivreisande	2015/5387	
RS 67/15	Masfjordbrua - statusmelding	2015/5147	
RS 68/15	Sykkelbyen Bergen - statusrapport	2015/3680	
RS 69/15	Miljøferjer	2014/19309	
RS 70/15	Indikatorar for arealbruk og parkering for oppfølging av bymiljøavtalar - høyring	2014/54	
PS 65/15	Vedk. ferjetilbodet for Austevoll og Varaldsøy	2015/1217	
PS 66/15	Søknad frå Osterøy Ferjeselskap AS om tilskot til ferjesambandet Breistein - Valestrand	2015/4697	
PS 67/15	Fylkeskryssande snøggåtruter i Sunnhordland	2015/557	
PS 68/15	Elbil på ferje	2014/22661	
PS 69/15	Kommunale ferjekaiar i fylkesvegsambanda	2015/5194	
PS 70/15	Oppretting av 5 nye reserveløyve tilknytt Osterøy Taxi AS	2015/4828	
PS 71/15	Bompengesøknad for Nordhordlandspakken - ny handsaming	2014/166	
PS 72/15	Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - Vedtak av høyringsforslag	2014/1180	
PS 73/15	"Hovedrapport fra analyse og strategifasen", NTP 2018 - 2027- uttale	2015/4967	
PS 74/15	Ymse		

PS 62/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 03.06.2015

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Pål Kårbø stilte spørsmål om ein kan ta RS 65/15 opp som sak.

Utvalet slutta seg til det.

PS 63/15 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 03.06.2015

Vedtak

Møteboka frå møte den 12. mai 2015 vart godkjent.

PS 64/15 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 03.06.2015

RS 65/15 Nye busskontraktar for Hardanger/Voss. **Pål Kårbø** gjorde framlegg om at denne meldinga vart handsama som sak.

Samferdselsutvalet slutta seg til dette.

Pål Kårbø sette fram fylgjande fellesforslag

SAMU bed fylkesrådmannen leggje fram for politisk handsaming ulike alternativ som gjer at tenestetilbodet på linje 766 Rosendal-Matre-Åkra vert oppretthalde

Vedtak

Utvalet slutta seg samrøystes til.

RS 69/15. Miljøferjer. **Atle Kvåle** sette fram forslag om at det vert lagt fram sak om dette i løpet av hausten 2015.

Utvalet slutta seg samrøystes til.

RS 67/15. Masfjordbrua - statusmelding. **Pål Kårbø** etterlyste oppfølging av dette prosjektet.

RS 66/15. Orientering om stans i utvikling av nettbutikk-løysing for kollektivreisande. **Einar Lutro** stilte spørsmål om kva ein skal gjera i distrikta når internett-løysinga vert terminert,- er det framhaldande kontantbetaling eller andre former for betaling.

Oddmund Sylta orienterte om at ein er i gong med å vurdera ulike alternativ som vil sikra smidige betalingsløyser i heile fylket.

RS 64/15 Sykkelbyen Stord - ein statusrapport

RS 65/15 Nye busskontraktar for rutepakkane Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal - orientering om kontraktane og gjennomføring av konkurranse

RS 66/15 Orientering om stans i utvikling av nettbutikkkløysing for kollektivreisande

RS 67/15 Masfjordbrua - statusmelding

RS 68/15 Sykkelbyen Bergen - statusrapport

RS 69/15 Miljøferjer

RS 70/15 Indikatorar for arealbruk og parkering for oppfølging av bymiljøavtalar – høyring

PS 65/15 Vedk. ferjetilbudet for Austevoll og Varaldsøy

Saka vert utsatt til neste møte.

PS 66/15 Søknad frå Osterøy Ferjeselskap AS om tilskot til ferjesambandet Breistein - Valestrand

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet stadfester vedtaket av 28.08.12 i sak 195/12.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 03.06.2015

Tom Skauge sette fram forslag til utsetjing.

Røysting

Forslaget til utsetjing fekk 1 røyst og fall.

Tom Skauge sette fram forslag til ny innstilling.

1. Fylkesutvalet er positiv til at folkeferjeselskapet Osterøy Ferjeselskap har bidrege til mindre biltrafikk på E16.
2. Administrasjonen får fullmakt til å forhandle fram ein avtale om støtte til selskapet med sikte på at sambandet vert økonomisk berekraftig også etter at bompengane på brua vert avvikla.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 2 røyster (SV, KRF). Forslaget frå Tom Skauge fekk 2 røyster (SV, KRF) og fall.

Innstilling

Fylkesutvalet stadfester vedtaket av 28.08.12 i sak 195/12.

PS 67/15 Fylkeskryssande snøggbåtruter i Sunnhordland

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek å legge ned snøggbåtrutene i Sunnhordland sitt rutetilbod til Ølen/Utbjoa med snarast mogleg verknad.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 03.06.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek å legge ned snøggbåtrutene i Sunnhordland sitt rutetilbod til Ølen/Utbjoa med snarast mogleg verknad.

PS 68/15 Elbil på ferje

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek utviklinga i trafikktaal knytt til bruk av elbil på fylkesvegferjene til orientering.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 03.06.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet tek utviklinga i trafikktaal knytt til bruk av elbil på fylkesvegferjene til orientering.

PS 69/15 Kommunale ferjekaiar i fylkesvegsambanda

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner at det vert sett i gong ein prosess med sikte på å ta over eigarskap og drift/vedlikehald av dei kommunale ferjekaiane som vert nytta i fylkesferjesambanda. Prosessen må avklara på kva vilkår slik overdraging kan finna stad, og dei økonomiske fylgjene av det.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 03.06.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet godkjenner at det vert sett i gong ein prosess med sikte på å ta over eigarskap og drift/vedlikehald av dei kommunale ferjekaiane som vert nytta i fylkesferjesambanda. Prosessen må avklara på kva vilkår slik overdraging kan finna stad, og dei økonomiske fylgjene av det.

PS 70/15 Oppretting av 5 nye reserveløyve tilknytt Osterøy Taxi AS

Forslag til vedtak

Samferdselsutvalet godkjenner at det vert etablert 5 nye reserveløyve knytt til Osterøy Taxi AS. Løyva skal kunngjerast internt blant løyvehavarane i sentralen.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 03.06.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Samferdselsutvalet godkjenner at det vert etablert 5 nye reserveløyve knytt til Osterøy Taxi AS. Løyva skal kunngjerast internt blant løyvehavarane i sentralen.

PS 71/15 Bompengesøknad for Nordhordlandspakken - ny handsaming

Forslag til innstilling

Fylkestinget sluttar seg til det justerte opplegget for Nordhordlandspakken med auka investeringsramme på 200 mill.kr. (fordelt med 115 mill.kr. til bruk i Lindås og 85 mill. kr. til bruk i Meland) og omprioriteringa av prosjekta - slik det er omtala i brev frå Statens vegvesen frå 10.4.2015. Den fylkeskommunale økonomiske ramma i Nordhordlandspakken vert auka frå 230 mill. 2013 kr. til 259 mill. 2013 kr.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 03.06.2015

Vedtak

PS 72/15 Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - Vedtak av høyringsforslag

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å sende forslag til *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn. Høyringsfristen vert satt til 1. oktober.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 02.06.2015

Anne-Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Nytt pkt.2. Fylkesutvalet legg til grunn at prinsippet for prioritering av vekst og vern i høve til kulturminne og friluftsliv må greiast ut nærmare.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å sende forslag til *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn. Høyringsfristen vert satt til 1. oktober.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at prinsippet for prioritering av vekst og vern i høve til kulturminne og friluftsliv må greiast ut nærmare.»

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 03.06.2015

Vedtak

PS 73/15 "Hovedrapport fra analyse og strategifasen", NTP 2018 - 2027- uttale

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet stør måla og strategiane i hovudrapporten «Utfordringer for framtidens transportsystem» for Nasjonal transportplan 2018- 2027, og vil også be om transportetatane legg opp til at

- Staten må dekkja 70% av investeringskostnadene for bybanen i Bergen og styrka dei økonomiske rammene for drift av kollektivtrafikken.
- E39 Stavanger – Bergen vert satsa på som den viktigaste korridoren for nasjonal vekst og verdiskaping.
- Overføringane til ferjedrifta må aukast betydeleg for å sikra ein meir driftssikker og miljøvennleg ferjeflåte i fylket.
- Rassikring må omtalast som eit eige satsingsområde under transporttryggleik.

Fylkesutvalet viser også til fylkesrådmannen sine merknader og sluttar seg til desse.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 03.06.2015

Jostein Ljones sett på vegne av utvalet fram forslag til nytt pkt.

E16 Bergen - Voss er ein viktig korridor for nasjonal vekst og utvikling og må prioriterast i fyrste del av planperioden. Dei akutte utfordringane på strekkja må løysast raskt og traseval for framtidig ny veg og bane må vedtakast i nær framtid.

Tom Skauge sette fram forslag til ny innstilling.

1. Staten må dekkja 70% av investeringskostnadene for bybanen i Bergen og styrka dei økonomiske rammene for drift av kollektivtrafikken.
2. Bergensbanen, E16 og E39 Stavanger – Bergen vert satsa på som dei viktigaste korridorane for nasjonal vekst og verdiskaping i vårt fylke. Fylkestinget prioriterer korridorane slik:
 - a. Ny Vossabane og E16 etter alternativ K5 inn i NTP frå 2018.
 - b. Gode og sikre bruksveger på heile strekninga Kristiansand-Trondheim. Sikring mot ras i Romarheimsdalen er høgt prioritert.
 - c. Fylkestinget meiner ei bru over Bjørnefjorden øydelegger eit verdfullt fjordlandskap. Tinget ber Regjeringa opne for ny vurdering av alternativ indre trase og alternativ ferje.
3. Overføringane til ferjedrifta må aukast betydeleg for å sikra ein meir driftssikker og miljøvennleg ferjeflåte i fylket.

Tillegg:

Fylket har som mål at alle ferjer og minst 80% av bussane skal ha nullutslepp seinast 2025.

Rassikring må omtalast som eit eige satsingsområde under transporttryggleik.

Tillegg:

Strategien må opne for tilskot til lågare pris på regiontog for å få fleire bilistar over til miljøvennleg og trafikksikker jernbane.

Strategien må opne for betre statleg finansiering av vedlikehald av fylkesvegar. Snittida for nytt dekke må bli halvert.

Merknad:

Samferdselsutvalet ber Fylkesordførar ta kontakt med Regjeringa med sikte på å få ein større reduksjon av takstane på togbillett mellom Voss og Bergen for å stimulera til overgang frå bil til bane.

Einar Lutro sette fram forslag om å stryka siste den av siste kulepunkt i innstillinga.

Stein Inge Ryssdal sette fram forslag til vedtak.

Det vert oppretta eit kontaktutval for E16 og bane Bergen-Voss etter modell frå kontaktutvalget for E39 Hordfast. I kontaktutvalet må også jernbaneinteresser vera representert.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling med kulepkt 1-3 vart samrøystes vedteke.
Einar Lutro sitt forslag om å endra siste kulepkt i innstillinga vart samrøystes vedteke.
Jostein Ljones sitt forslag til nytt pkt i innstillinga vart samrøystes vedteke.
Stein Inge Ryssdal sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.
Tom Skauge sine forslag til endringar i innstillinga og tilleggspkt fekk 1 røyst og fall.
Tom Skauge sitt forslag til merknad vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Det vert oppretta eit kontaktutval for E16 og bane Bergen-Voss etter modell frå kontaktutvalget for E39 Hordfast. I kontaktutvalet må også jernbaneinteresser vera representert.

Innstilling

Fylkesutvalet stør måla og strategiane i hovudrapporten «Utfordringer for framtidens transportsystem» for Nasjonal transportplan 2018- 2027, og vil også be om transportetatane legg opp til at

- Staten må dekkja 70% av investeringskostnadene for bybanen i Bergen og styrka dei økonomiske rammene for drift av kollektivtrafikken.
- E39 Stavanger – Bergen vert satsa på som den viktigaste korridoren for nasjonal vekst og verdiskaping.
- Overføringane til ferjedrifta må aukast betydeleg for å sikra ein meir driftssikker og miljøvennleg ferjeflåte i fylket.
- Rassikring må omtalast som eit eige satsingsområde.
- E16 Bergen - Voss er ein viktig korridor for nasjonal vekst og utvikling og må prioriterast i fyrste del av planperioden. Dei akutte utfordringane på strekkja må løysast raskt og traseval for framtidig ny veg og bane må vedtakast i nær framtid.

Fylkesutvalet viser også til fylkesrådmannen sine merknader og sluttar seg til desse.

Merknad:

Samferdselsutvalet ber Fylkesordførar ta kontakt med Regjeringa med sikte på å få ein større reduksjon av takstane på togbillett mellom Voss og Bergen for å stimulera til overgang frå bil til bane.

PS 74/15 Ymse

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 03.06.2015

ORIENTERINGAR

Orientering om rasutfordringar og vegstenging på E16 Bergen – Voss v/Olav Finne

Det vart orientert om den generelle skredsituasjonen i Bogelia. Det er ikkje vanleg med skred av dette omfang i dette området. Inntil vidare er det oppretta vakt ved vegen og vaktbåt på sjøen. Frå skredet går til det når vegen vil det ta frå 60-90 sek.

Det vart orientert om omkøyringsvegane og dei avgrensingane som dei set m.o.t. vegarbeid, vegstandard og tunnelhøgder.

Det vart orientert om aktuelle tiltak på lang og kort sikt samt strakstiltak.

Det vert teke sikte på å setja i verk mindre rassikringstiltak på E16 i 2015. Gjennom omdisponeringar er det funne rom for 13 mill kr.

Tiltak på omkøyringsvegane er m.a. gong-/sykkeleveg i Norheimsund samt arbeid med nye tunnelar i Haukanesberget og Lussandberget.

Jostein Ljones la fram fleire forslag til organisering av trafikken på omkøyringsvegen gjennom Hardanger.

Nytt frå Skyss

Oddmund Sylta orienterte om fylgjande saker.

- Nye anbod i Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal. Det har vore kontakt med alle involverte kommunar, og innspela frå kommunane er søkt teke omsyn til ved t.d. omdisponering av produksjonen.
- Kombibussruta til Matre/Åkra er teke ut av rutetilbodet.
- Gjennomgong av inntektsprognosane i forhold til budsjettet og faktorar som påverkar desse.

YMSE

Tom Skauge etterlyste sak om planprogrammet for E39.

Leiaren opplyste om at samu i eit tidlegare møte hadde aksepterte at denne saka, pga tidsfaktoren, går direkte til fuv.

Tom Skauge sette etter dette fram fylgjande merknad som vartr støtta av KRF, SP og A.

Det er i dag opplyst at planprogrammet for E39 ikkje vil bli handsama i samu, HFK sitt fagutval for samferdsel. Dette er uheldig. Ber om at dette vert retta opp, t.d. med ekstramøte under fylkestinget.

Tom Skauge stilte fylgjande spørsmål.

1. Vossabanen og E16 mellom Bergen og Voss stengt igjen

Toglina og E16 var sist veke på nytt stengt av stort ras ved Vaksdal. E16 mellom Arna og Voss er frå før kjent som ulykkesvegen. 53 menneske er drepne frå 1991 til i dag. Oslo Economics reknar at også i dei neste 30 år kjem 70 personar til å mista livet på vegen mellom Voss og Bergen. Dei siste rasa har ikkje teke liv, men det er stor frykt for at neste ras kan gjera meir skade enn tap av kommunikasjon.

1. Kvifor er det ikkje teke initiativ til ras-overbygg for E16 på denne staden, der det har vore naudsynt å bygge rasoverbygg for jernbana?
2. Kva hasteinitiativ blir førebudd for å sikre toglina og veg framover?
3. Kva initiativ blir teke for å få planane om ny parallell jernbane og veg Arna-Voss og Ringeriksbane inn i NTP frå 2018?
4. Er det tiltak (opprusting/bygging) på moglege omkøyringsveggar som har heilt eller delvis ferdige planar? Til dømes omkøyringsveggar via Hardanger, Bergsdalen og over Osterøy?

Gjennom Olav Finne si orientering vart spørsmåla svara ut.

2. Kollektivpris og kollektivinntekter

Me skal ikkje sjå vekk ifrå at høgare takstar er ein del av grunnen til at me ikkje har sett den passasjerveksten som me venta, seier fylkesrådmannen til NRK Hordaland 20. mai i år. Frå 1. februar vart prisen 35 kroner for enkeltbilletter kjøpt på førehand, og 50 kroner for billetter kjøpt om bord i bussen. For periodekort blei takstane auka med kring 8 prosent. I minstetakstsona, som gjeld heile sone Bergen og omfattar reiser til og frå Straume, blei prisen på 30-dagars periodekort 745 kroner. I løpet av dei fire første månadane i 2015 har Hordaland fylkeskommune sitt kollektivselskap Skyss selt billetter for 58 millionar kroner mindre enn budsjettet. Det skjer etter at fylkespolitikarane frå 1. februar skrudde opp billettprisane, heiter det frå NRK Hordaland.

1. Kva er administrasjonen sin forklaring på svikt i inntekt?
2. Med slike underskøt til no i år, – kva er igjen av midlar til å gje eit betre kollektivtilbod i samband med innføring av rushtidsavgift?
3. Når får Samferdselsutvalet høve til å drøfte den alvorlige svikten i inntekt frå kollektivtrafikken?

Gjennom Oddmund Sylta si orientering under nytt frå Skyss vart spørsmåla svara ut.

3. Grunnlaget for Oslo Economics sin kvalitetssikring (KS1) av Arna-Voss

KS1 – rapporten frå OsloEconomics meiner 0-alternativet - ingen utbygging tog/vei Arna-Voss gjev best samfunnsøkonomisk resultat. Som i alle slike berekningar er premissane viktige.

1. Korleis er tap av tid, overbelasta omkjøringsveggar og frykt tatt inn i modellen?
2. Er det rett at det ikkje er gjort berekning av endra konkurranseflate mellom gods på jernbane og gods på veg (Vedlegg s. 8)?
3. Nedjusterte virkedagar frå 300 til 255 har negativ verknad for neddiskontert nytte for K5 (Vedlegg s. 10). Er denne endringa rimeleg når ein veit at tog mellom Bergen og Voss er mykje brukt i helgedagar og at det er stor trafikk til Flåmsbana i ferien?
4. Rapporten syner at K4 med vekt på veg er best på reduksjon av alvorlege ulykker (s. 15 i Vedlegg). Korleis kan dette vera rett når alternativet K5 gjer det langt meir attraktivt å ta tog enn bil mellom Voss og Bergen?
5. Kva er resultatet for samfunnsøkonomisk nytte av Hordfast E39 med diskonteringsrente på 4%?

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

4. Kollektivtilbodet i Ullensvang

Det er stor uro i regionen for dårlegare kollektivtilbod med ferje og buss.

Kan Skyss syta for at det er korrespondanse mellom bussrutene på fv. 550 og ekspress-bussane i Odda og Jondal.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Pål Kårbø stilte fylgjande spørsmål.

Fylkesvegen mellom Seim og Feste/Lygra har relativt dårleg standard. Mange fjellnabber bør bort og det er få gode møteplasser.

Både Lindås kommune og lokale grunneigarar har påpeika dette mange gonger ovanfor HFK. Det er også sendt inn fotomateriale og skildring på eksakte punkt som bør betrast.

KrF ønskjer fortgang i dette arbeidet. Eg bed difor om tilbakemelding på status for innmelde behov, og økonomisk anslag for kva dette kostar.

Sveinung Valle synte til at ein skal møte BTSignal, og i samband med dette etterlyste han status for saka om bompengeregionar.

Håkon Rasmussen opplyste om at samferdselsministeren har invitert til møte om saka den 17. juni.